



"Palmekrigen" i gang ved grusbana sommaren 2007, Kjell Yri og rettleiar Kåre Haugse i arbeid. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No i 2008 er forekomsten av "Tromsøpalmen" i området kring skulen, Stølavikjo og grusbanen svært redusert, skriv Kjell Yri i ein rapport til kommunen.

Hovuddelen av arbeidet med å fjerna planen vart gjort sommaren 2007. Eindel planter er det fortsatt, men ikkje meir enn dei slår ned med ljå utan å nytta gift, opplyser Yri.

Planta er toårig og dersom ny frøsetjing blir hindra vil den forsvinna. Yri reknar med at det framleis er frø som ikkje har spirt og at desse spirer til neste år eller året etter. Dette vil dei følgja nøye med på og skjera ned etter

kvart som planten kjem opp.

Yri slår fast at kostnadane med prosjektet for lengst har overskride den løyvte summen. Kåre Haugse har vore rettleiar for uskedalingane og han har hatt mange køyreturar mellom Rosendal og Uskedalen. Han må ha kilometergodtgjerse.

Vidare har dei kjøpt inn ljå, hanskar, rydjesaks, sprøytemidlar, sprøyteutstyr med meir. Det har vore 4 store dugnadar og til desse er det kjøpt inn bollar, brus og kaffi.

Av Ola Matti Mathisen